

## Emneregisteret på plass

Sidan *Årbok for Helgeland* første gongen kom ut i 1970, er det i alt blitt 42 bøker med ei svært rik og verdfull samling av lokalhistorisk stoff frå Helgeland. I fleire år har vi hatt eit geografisk register ordna etter kommunane på Helgeland, og i tillegg eit personregister. Dette har vore til ei viss hjelp når ein skulle finne fram til stoff frå bøkene. Men desse registra har ikkje vore noka fullgod løysing, for det er berre eit emneregister som på ein lettvint og sikker måte kan føre ein fram til det stoffet ein er på leiting etter.

Eit så stort og krevande arbeid har ingen i laget sett likt å ta fatt på. Når det så vart vedtatt å engasjere ein fagperson til å ta oppgåva, er det berre å takke styret for at det prioriterte dette arbeidet.



Det er **Torbjørn Uppstad** frå Mo som har laga registeret. Han har bl.a. bibliotekfagleg bakgrunn. Frå før har han laga register til *Årbok for Rana* og hadde slik dei beste forutsetningane for å gjere jobben.

Registeret er sett inn på nettsida (heimesida) til Helgeland historielag. Uppstad fortel i innleiinga korleis han har ordna registeret og gir også andre nyttige opplysningar om bruken. Fordelen med å ha registeret på nett, er bl.a. at det er søkbart. Så då er det berre å ta registeret i bruk. For som Uppstad seier: "Dette grundige og detaljerte emneregistret vil sikkert være en god hjelp til dem som skal forske i, eller ha interesse for fagområdet

'Helgelands historie'."

Per Smørvik